



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Sonja Ramsvik, 55 57 21 56

Vår dato  
15.11.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/14642  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 MANGER

### **Varsel om forvaltningskontroll på landbruksområdet - Radøy kommune.**

Fylkesmannen varslar med dette om kontroll av landbruksforvaltninga i Radøy kommune den 2.desember 2016 kl. 10.00.

#### **Bakgrunn**

Fylkesmannen har det regionale ansvaret for å sikre at dei statlege midla vert brukt og forvalta som føresett. Fylkesmannen kan utføre kontroll av forvaltninga i kommunen med utgangspunkt i §15 i reglement for økonomistyring i staten av 12. desember 2006, §12 i forskrift om tilskot til nærings- og miljøtiltak i jordbruket av 28.mai 2015, forskrift om planlegging og godkjennung av landbruksveier av 1.juli 2015 og lov om forvaltning av natur mangfold (naturmangfoldloven) av 19.juni 2009.

#### **Omfang av kontrollen**

Kontrollen vil omfatte følgande ordningar:

- nybygging og ombygging av landbruksvegar
- tilskot til skogkultur
- utbetaling frå skogfond
- tilskot til skogsvegar

#### **Førebuingar og frist for tilbakemelding**

Før kontrollen er det ønskjeleg at kommunen gjer følgande førebuingar:

1. Definerer kontaktperson for gjennomføring av kontroll.
2. Definerer kva personar frå kommunen som skal delta under kontrollen.
3. Sørgjer for at dokumenta i lista under er lett tilgjengeleg under undersøking.

Dokumenta skal være klare før kontrollen startar. Dersom dokumenta kan ligge i et elektronisk arkiv, må Fylkesmannen få tilgang til arkivsystemet under kontrollen. Dette må avklarast med kontolleiar på førehand.

Dokument som skal vere tilgjengeleg for kontroll:

- søknad om nybygging og ombygging av landbruksvegar for 2014 og 2015.
- søknad om tilskot til skogkultur for 2014 og 2015.
- søknad om utbetaling frå skogfond for 2014 og 2015.
- rekneskap for skogsvegar for 2014 og 2015.

4. Sørger for at eit passande møterom er tilgjengeleg for gjennomføring av kontrollen. Det må vere tilgang til internett for fleire (medbrakte) datamaskiner i møterommet.

Fylkesmannen stiller med 2 representantar på denne kontrollen.

**Vi ber om at de gjev tilbakemelding på punkt 1 – 4 til kontolleiar Sonja Ramsvik snarast mogleg etter at de har mottatt dette brevet. Sonja Ramsvik kan kontaktast på telefon 55 57 56/917 14 028.**

**Agenda for dagen:**

1. Opningsmøte for forvaltningskontroll i kommunen med informasjon om formål med kontrollen, grunnlag og omfang.
2. Gjennomføring av undersøkinga.
  - a. Gjennomføring av dokumenter.
  - b. Intervju.
3. Avsluttande møte med oppsummering av funn frå undersøkinga.

Vi ber om at ein representant for leiinga av kommunen deltek under opnings- og sluttmøtet. Ta elles kontakt med kontolleiar dersom det er spørsmål til gjennomføring av kontrollen.

Med helsing

Åse Vaag  
Landbruksdirektør

Sonja Ramsvik  
Kontolleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*